

# Søknad om tilskot til kompetanse og innovasjon på statsbudsjettets kapittel 0761 post 68

## INFORMASJON OM SØKJAR

- Søknaden må alltid ha ein søkjar som har ansvaret, sjølv om fleire samarbeider om prosjektet.
- Tilskot som Fylkesmannen innvilgar, blir alltid betalt ut til den verksemda som har ansvaret.
- Dersom fleire verksemdar eller organisasjonar samarbeider, skal de forklare kven de samarbeider med og kva samarbeidet går ut på.
- Med prosjektet forstå ein i skjemaet både prosjekt, tiltak eller aktivitetar som det blir søkt om tilskot til.

Skjemaet er fylt ut av

Førenamn	Helge
Etternamn	Kvam
Tittel	Rådgjevar

Organisasjonsnummer Organisasjonsnummeret må vere basert på ei juridisk eining	951549770
---	-----------

Organisasjonsnamn Organisasjonsnamnet må vere identisk med einskapsregisteret i Brønnøysundregistra	Meland kommune
--	----------------

Adresse	Pb 79
---------	-------

Postnr./-stad	5906/Frekhaug
---------------	---------------

Organisasjonsform	Kommune
-------------------	---------

E-postadresse Postmottak/ offisiell e-postadresse til søkjar	postmottak@meland.kommune.no
---	------------------------------

Webadresse	postmottak@meland.kommune.no
------------	------------------------------

Kommunennummer Berre for kommunar	1256
--------------------------------------	------

Kontonummer	1503 18 83722
-------------	---------------

Merknad på utbetaling  
Gje opp kva innbetalinga skal merkast med dersom de mottar tilskot – maks 40 teikn

## Kontaktperson

Gje opp minst ein person som kan bli kontakta dersom vi har spørsmål om søknaden.

Førenamn	Helge
----------	-------

Etternamn	Kvam
-----------	------

Telefonnummer	56171000
---------------	----------

E-postadresse	Helge.kvam@meland.kommune.no
Fornamn	Britt
Etternamn	Romarheim
Telefonnummer	56171210
E-postadresse	Britt.romarheim@meland.kommune.no

## TILSKOTSORDNING

- Kunngjeringa på fylkesmannen si nettsider inneheld informasjon for å kunne søkje om tilskot.
- Søknaden kan de utdjupe i eit eller fleire vedlegg, dersom det trengst.

Tilskotsordning: Kommunal kompetanse og innovasjon

År de søker om å ta imot tilskot: 2017

Nytt prosjekt

Vidareføring av prosjekt som har fått tilskot av Fylkesmannen

Fylkesmannen sin referanse

Saksnummer, merka "vår referanse" i det siste brevet de har fått under denne ordninga.

2016/1289 730

### 1. Kompetansetiltak (grunn-, vidare- og etterutdanningar)

Vidaregåande skule, fag- og yrkesopplæring innan helse/fagbrev:

Spesifiser kva type utdanningar/fagområder, tal på tilsette som skal omfattast:

Samla søknadsbeløp:

Fagskuleutdanningar (påbygg fag- og yrkesopplæring, minimum halvt års vidareutdanning):

Spesifiser kva type utdanningar/fagområder, tal på tilsette som skal omfattast:

Samla søknadsbeløp:

Bachelorutdanningar helse- og sosialfag:

Spesifiser kva type utdanningar/fagområder, tal på tilsette som skal omfattast:

Samla søknadsbeløp:

Vidareutdanningar/mastergradutdanningar (påbygg bachelorutdanningar):

Spesifiser kva type utdanningar/fagområder, tal på tilsette som skal omfattast:

- 1 stk master klinisk sjukepleie diabetes spesialitet
- 2 stk vidareutdanning avansert gerontologi
- 1 stk helsefremmande og rehabiliterande arbeid med eldre

Samla søknadsbeløp: kr. 218.000,-

Internopplæring/ ABC-opplæring/ etterutdanning/ kurs o.l.:

Spesifiser kva type utdanningar/fagområder, tal på tilsette som skal omfattast:

8 stk demens ABC

Samla søknadsbeløp: kr. 92.000,-

Samla søknadssum totalt: kr. 310.000,-

**1. Opplæringstilskot knytt til brukarstyrt personleg assistanse**

- Tal på arbeidsleiarar, samla søknadsbeløp:
- Tal på saksbehandlarar, samla søknadsbeløp:
- Tal på assistentar, samla søknadsbeløp:

Samla søknadssum totalt:

**2. Innovasjonsprosjekt**

**Tema:**

- Førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring
- X  Habilitering og rehabilitering, medrekna kvar dagsrehabilitering
- Velferdsteknologiske løysingar
- Samspel med pårørande og frivillige i omsorgssektoren generelt og demensomsorga, spesielt.
- Legemiddelhandtering
- Ernæring
- Fritidsaktivitet med assistanse
- Kulturopplevingar
- Anna

**Samarbeidspartnarar i prosjektet**

- Prosjektet blir utført i samarbeid med andre verksemder

**Samarbeidspartnarar**

Skriv inn informasjon om alle andre verksemder eller organisasjonar de samarbeider med om

prosjektet/tiltaket. Skriv inn kommunenummer for alle kommunar.

Kva går samarbeidet ut på?

## PROSJEKTBEKRIVING

- Beskriv prosjektet, medrekna delprosjekt og tiltak som de søker om tilskot til, og målet med prosjektet.
- Fylkesmannen legg særleg vekt på samla måloppnåing i prosjektet når søknadene blir vurderte.

### Tittel for prosjektet

Skriv inn ein tittel som er forklarande for prosjektet - maks 100 teikn.

Prosjekt kvardagsrehabilitering i Meland kommune (vidareføring jfr tilskot i 2016)

### Bakgrunn for prosjektet

Skriv kvifor prosjektet er naudsynt, og ta med kva behov og utfordringar som ligg til grunn.

Viser til søknad om tilskot til prosjektet i 2016, samt til innsendt rapport for same år.

Argumentasjon for oppretting av prosjektet er den same, og rapport for 2016 syner trong for å vidareføre arbeidet.

### Kort beskriving

Gje ei kort beskriving av prosjektet, medrekna delprosjekt og tiltak.

Viser til rapport for Prosjekt kvardagsrehabilitering i Meland kommune versjon 14.03.17. Rapporten synleggjer kva som er utført og kva arbeid som er planlagt for 2017.

### Mål for tiltaket på kort og lengre sikt

Skriv kva som er mål for året det blir søkt tilskot til og kva som er målgruppe for tiltaket.

Prosjekt kvardagsrehabilitering er relatert til overordna mål for omsorgstenesta i gjeldande kommuneplan samfunnsdel.

Meland kommune vil prøve ut arbeidsform innan kvardagsrehabilitering som er målstyrt, tidsavgrensa og tverrfagleg. Dette for at brukar skal oppnå auka funksjon og deltaking, bu heime med verdighet og mestre dei kvardagslege gjeremål utfrå eigne føresetnader.

Omsorgstenesta skal ha eit førebyggjande og rehabiliterande tanke- og handlingssett der ein legg vekt på å støtte brukar til eigen mestring i aktivitetar i kvardagen.

Omsorgstenesta skal unngå å gje passifiserande tenester som fremmer brukar sine behov for hjelp/bistand.

Kommunen vil samle og dokumentere erfaring for å kunne leggje fram forslag om korleis

kvardagsrehabilitering kan vidareutviklast og implimenterast i kommunal drift. Prosjektet skal difor bidra til kunnskaps- og erfaringsutveksling, deling og spredning av tenesteutvikling generelt og kvardagsrehabilitering spesielt.

Meland kommune søkjar og om opptak i nasjonalt velferdsteknologiprogram og vil freiste og kombinere kvardagsrehabilitering med kompetanseheving og tenesteytvikling med bruk av velferdsteknologi.

Aktivitets- og framdriftsplan for året det blir søkt tilskot til

Sett inn dei viktigaste aktivitetane for å nå måla for prosjektet og gje gjerne opp månad for gjennomføring.

Viser til rapport for 2016 versjon 14.03.17. Ein auker søknad om tilskotssum frå 2016 for å m.a. frikjøpe ressurs frå ergoterapi/fysioterapi til å intensivere arbeid med målgruppa og søkje dokumentasjon for effekt av verksemda.

Metodar kunnskap eller erfaring

Skriv kva for teoriar / faglege metodar de nyttar i prosjektet eller kva for kunnskap/erfaring de byggjer på. Skriv også kva metodar for brukarmedverknad som vil bli nytta.

Meland kommune har vore deltakar i effektiviseringsnettverk via KS. Ein vil ta i bruk tilrådde metoder og verktøy.

Gevinstar og effektar

Kva konkrete gevinstar/effektar er det forventa at tiltaket vil gje og kva vil dette få for omlegging av praksis

Dette tema må det arbeidast meir med i kombinasjon av utprøving av verktøy for dokumentasjon. Døme er:

For brukar – dokumentere auka livskvalitet og betre helse i kvardagen. Nytte kartleggingsverktøy som dokumenterer helsetilstand før under og etter.

For kommune – søkje å dokumentere reduksjon i vedtakstimar/ikkje auke i vedtakstimar innan heimetenesta for målgruppa samt utsette trong for institusjonsplass. Det er og ønskeleg å sjå om ein klarer å handtere auka tal brukarar innan same tenestevolum/ramme.

For arbeidstakar – via medarbeidarsamtale og medarbeidarundersøking søkje å dokumentere at arbeidsform vert opplevd som meiningsfull kombinert med tilfredsstillande kompetanseutvikling. Ein arbeider kontinuerleg for eit godt arbeidsmiljø og trivsel.

Risikofaktorar

Kva for faktorar kan skape vanskar for å nå måla, sjølv om de får tilskot frå Fylkesmannen?

Viser til prosjektrapport 2016 versjon 14.03.17 m.a med omsyn til tilgong brukarar med vedtak samt aktiv bruk av dokumentasjonsverktøy.

Forankring internt i kommunen

Skriv korleis tiltaket er forankra internt i kommunen, fagleg og administrativt i både utviklings- og

implementeringsfasa.

Prosjekt kvardagsrehabilitering er inkludert i gjeldande økonomiplan vedtatt av kommunestyret. I tillegg er politisk Utval for levekår styringsgruppe for prosjektet. Intensjon med fag- og prosjektutvikling er informert til Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

#### Kontrolltiltak

-Skriv dei interne og eksterne kontrolltiltaka hos dykk som skal sikre korrekt rapportering og at måla blir nådd.

-Skriv om dei alt blir gjennomførde eller er planlagde.

-Interne kontrollaktivitetar, internrevisjon, autorisert / ikkje autorisert revisor, andre offentlege tilsyn, Riksrevisjonen, evaluering og kvalitetssikra dokumentasjon er døme på kontrolltiltak som kan sikra at måla blir nådd.

Det er etablert prosjektgruppe med føring av referat vedrørende framdrift.

Prosjektansvarleg/leiar rapporterer til styringsgruppe. Det vert dokumentert revisoruttale kvart år.

## BUDSJETT FOR INNOVASJONSPROSJEKTER

### Inntekter

- Skriv alle beløp i heile kroner.
- Skriv null dersom ein kategori er uaktuell.

Søknadsbeløp 500.000

- Inkludert ubrukt tilskot
- Kor stort beløp søker de om totalt for året, inkludert ubrukt tilskot?
- Søk berre om tilskot for eit år om gongen.

Ubrukt tilskot 0

- Beløpet skal også takast med i søknadsbeløpet.
- Dersom Fylkesmannen innvilgar tilskot, vil vi trekke frå beløpet ved utbetalinga.
- Dersom rekneskapen for tilskotet i fjor ikkje er avslutta, må ubrukne middel bereknast.

### Utgifter

- Gje opp budsjett for søknadsbeløpet på følgjande kategoriar.
- Fylkesmannen gir ikkje tilskot til alle typer utgifter under alle ordningar - sjå kunngjeringa.
- Dersom de får tilskot, må de kunne rapportere på desse utgiftskategoriene i tillegg til å sende inn relevante rekneskapsrapportar som følgjer dykkar inndeling av rekneskapen.
- Skriv alle beløp i heile kroner. Skriv null dersom ein kategori er uaktuell.

1. Lønnsutgifter med sosiale utgifter 500000

2. Reiseutgifter, arrangement, møte, konferansar 0

3. Konsulenttenester 0

4. Trykking, publikasjonar, kunngjeringar, utsending og distribusjonskostnader 0

5. Investeringar/ inventar/ utstyr 0  
Kontroller i kunngjeringa om det blir gitt tilskot til dette.

6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester inkludert lokale og energi 0

7. Andre utgifter

Spesifiser 0

Kroner 0

Sum utgifter 500000

Sum utgifter må vere identisk med søknadsbeløpet

### **Informasjon om andre inntektskjelder**

Når Fylkesmannen skal handsame søknaden dykkar om tilskot, treng vi informasjon om andre inntektskjelder i prosjektet.

#### **Inntekter frå andre kjelder**

-Gjer greie for inntekter de alt har fått eller har søkt om.

-Gje opp kor de har søkt om finansiering, beskriv finansieringa og beløpet.

0

#### **Eigenfinansiering**

Gjer greie for kor stor eigenfinansiering, stillingsressurs eller frivillig innsats de har fått innvilga eller har søkt om til prosjektet frå eigen verksemd.

Kommunen har eigenfinansiering via ressursbruk av egne fagpersonar og leiarar i prosjektarbeidet jfr. Skisse i prosjekt (vedlegg). Sum eigenfinansiering er pt stipulert til kr. 100.000,-.



## VEDLEGG

- Vedlegg til søknad om kompetansetiltak, jf. pkt. 1: Kompetansetiltak
- Søknaden kan utdjupast i eit eller fleire vedlegg dersom det er naudsynt.

Vedlegg følgjer med dette skjemaet når det blir sendt inn

Vedlegg blir ettersende

Beskriving av vedlegg

Kompetanseutviklingsplan tiltak 2017 for Meland sjukeheim og Meland heimeteneste, Prosjekt kvardagsrehabilitering i Meland kommune – rapport 2016

## GODKJENNING

- For kommunar og fylkeskommunar skal søknaden vere godkjend av rådmannen eller den rådmannen har delegert myndigheita til.
- Skjemaet skal signerast av den som har godkjend søknaden.
- Signert søknad som er skanna og lasta opp elektronisk, blir godtatt.

Den som godkjenner skal:

- Kjenne til vilkåra og krava i kunngjeringa.
- Godkjenne at opplysningane i søknaden er korrekte og eit godt grunnlag for å vurdere om statstilskot skal tildelast.

Dato 21.04.17

Signatur

  
Helge Kvam

Tittel/ rolle - rådgjevar i rådmann sin stab

